
Saknr: 2020/42594-4
Saksbehandlar Siri Ingvaldsen
Dato: 28.04.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Kulturkonferansen i Vestland 2020

Kulturkonferansen i Vestland 2020 vert i Førde, på Sunnfjord hotell, 15.-16. oktober. Tidsramme frå lunsj til lunsj. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil ha møte i Førde 14.-15. oktober, og konferansen er lagt i tilknytning til hovudutvalsmøtet.

Målgrupper for konferansen er politisk og administrativ leiing i kommunane og dei regionale institusjonane og organisasjonane.

Fylkeskommunen samarbeider om konferansen med KS Vestland, Sunnfjord kommune, Vestland idrettskrets, Norsk kulturskuleråd Vestland og Norsk kulturforum Vestland.

Programmet er ikkje ferdig, men eit utgangspunkt er FNs berekraftmål og arbeidet som er sett i gang med eit grønt vegkart for kultur. Eit sentralt tema vert òg situasjonen for kulturlivet etter smitteverntiltaka i samband med covid-19-pandemien.